

Referat frå styremøte i Valldal IL 28. april 2016

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Monica Henden, Kristin Sandnes, Ida Kristoffersen Rem, Jan Ole Fuglem, Torkjell Døving, Magne Eivind Glomnes.

Forfall: Liv Marit Indreeide, Trond Håvoll.

13/16 Informasjon frå gruppene:

Hovudlaget: Bra resultat på marknaden, i overkant av kr. 40.000 netto.

Medlemsregistrering elektronisk, omfattande arbeid første året.

Trim: Sykkeltrim 1. mai. Trimpostar klar frå mai. Endring i premiering.

Fotball: Sesongen godt i gang. Mykje aktivitet. Herrelag er i gang.

Programbladet kjem ut snart.

Friidrett: Sesongen er under planlegging. Dato for cupane i Valldal er klar.

Satsar på torsdagar i år. Prøve trening dei vekene det ikkje er cup.

Storfjordstemnet blir utsett til siste søndag i august.

Det blir oppretta facebookside og info på heimesida.

Ski: Sesongen er over. Tilbod om treningar etter skuleferien.

Alle gruppene: Hugs politiattest. Treinar ordnar med søknad sjølv elektronisk.

14/16: Driftsoppgåver 2016

Valldal bygdeservice har kome med tilbod om vedlikehaldsarbeid 4-7t veka.

Kostnadsramma blir vurdert for dyr til trass for nedjustering til 4t i veka.

Det er mogleg å bruke VIL sine maskiner. Tilbodet blir vurdert opp mot dugnad eller at nokre personar gjer arbeidet på omgang, t.d. grasklipping. Dette kan gjerne gjerast etter same modell som trakkemaskinkøyring om vinteren. Skigruppa betaler dette. På same måten må fotball og friidrett dekke noko av kostnadane med vedlikehald av anlegg om sommaren.

Konklusjon:

Vi takkar nei til tilbodet frå bygdeservice. Det blir forsøkt å etablere ei ordning med privatpersonar som kan ta på seg arbeid. Formell arbeidskontrakt og tilbod om kr. 150,- pr. time. Sjekk forsikring. Det blir oppretta ei driftsgruppe på idrettsanlegget sommarstid. Fotball, friidrett og styret er representert. Anders er med frå styret.

15/16 Vedlikehald av anlegg

Det vart snakka om dugnad på nedvask av klubbhuset. Gruppene må rydde sitt utstyr.

Monica og Kristin organiserer/fordeler arbeidet med nedvask på klubbhuset.

Loftet på garasjen må ordnast snarast mogleg. Mykje utstyr kan flyttast dit.

Det er mykje arbeid som skal gjerast på heile anlegget.

Bruk av ressursgruppe er svært aktuelt og konklusjonen er at ein inviterer til ei slik ressursgruppe snarast mogleg. Einar tek ansvar for å invitere til dette.

16/16 Ferdigstilling av Idavollen

Mykje arbeid gjenstår. Smårusk må ryddast og rakast. Ein kan gjerne bruke ungdomar på dette. Lyskastar må på plass igjen. Skade er innmeldt og må følgjast opp.

Det er behov for kiosk/bod, helst to rom. Det er ønskeleg med ei permanent løysing med små boder. Inntil kr. 20.000 er ok.

17/16 Betalingsterminal

Det er fleire alternative løysingar, men styret vurderer det slik at ein permanent betalingsterminal er mest ønskeleg.

Vi kjøper betalingsterminal. Det vert søkt om støtte frå Sparebanken Møre.

18/16 Andre saker

- Revisjonsmelding vart lagt fram. Bruk av inntektsskjema må innskjerpast endå meir.
- Dommartårnet i hoppbakken bør fjernast.
- Sandvolleyball: Det bør kjøpast nytt og betre nett. To portable sett. Dette vert kjøpt og belasta volleyball sin konto.
- Olsok: Gruppene må i gang. Særleg program er viktig å få på plass. Det er semje om eit enkelt program med lokale deltakarar. Bondens marknad? Lokalt næringsliv invitert.

Magne Eivind Glomnes

- referent